

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Fiskeridirektoratet i Møre og Romsdal (Region Midt)
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Mattilsynet i Møre og Romsdal (Region Midt)

Dato: 20.09.2018

LUSEGIFT, REKER OG NATURMANGFALD

FNF jobbar mellom anna for å bevare mangfaldet i naturen. Livet i havet og fjordane i Norge er ein del av verdas naturmangfald som vi ønskjer å hegne om.

I nyheitene no har vi igjen fått informasjon frå forskarar om at lusegifta som oppdrettsnæringa brukar, denne gongen hydrogenperoksid, sannsynlegvis har dramatiske konsekvensar for skalskifte til reke. Vidare kjem det fram at brønnbåtar som slapp ut hydrogenperoksid når dei låg ved anlegget hadde lov til det, elles må dei halde ei viss avstand til gytefelt av ulike slag.

Desse urovekkande opplysningane om lusegifta og skaldyra stemmer diverre litt for godt med det faktum at rekefiskarane i våre fjordar sluttar grunna at det er ikkje meir reke å fiske på. Det er jo eit paradoks at den kjente rekebåten ved bryggja i Molde (Metho) no er borte frå bybildet medan rekefiskaren driv i oppdrettsfrie farvatn (Oslofjorden).


Store areal blir brukt til fiskeoppdrett, og det står store mengde fisk i sjøen. Lakselus og fiskesjukdomar har stadig vore eit stort problem. Problema har ofte vore løyst med tiltak og middel som har skapt nye problem, med eller utan tilstrekkeleg verknad på dei problema som har vore der frå før. Når det er tale om usikkerheit, er det ofte naturmiljøet det går ut over. Det er stort sett alltid naturen som må betale.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6414 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Orgnr. 916451954 www.fnf-nett.no



I databasen BarentsWatch finn vi at det i perioden 2012-2018 er nytta følgjande legemiddel; Hydrogenperoksid, Deltamethrin, Azamethiphos, Cypermethrin, Emamectin benzoat, Teflubenzuron, Diflubenzuron og «Annet virkestoff».

Dette er stoff med ulik type verknad, men dei andre artane i havet vil oftast bli utsette for same medisinerer i nokon grad, og nokre av artane kan døye eller bli skadde av det. Når lakselus blir hindra frå å bygge opp skal, må ein rekne med at det også gjeld andre artar i nærleiken som bygger opp skal. Når lakselusa blir forvirra og døyr av eit stoff, må ein rekne med andre artar også får problem. Sjølv om stoff fortynnast i det store havet, så er det framleis store område der fortynninga ikkje er tilstrekkeleg, og ein kan heller ikkje utelukke sumverknader av ulike slag. Nedbrytingstida er heller ikkje bestandig den same som ein har funne i laboratoria. Langtidsverknader veit vi veldig lite om.

Vi får melding om at rekene har blitt borte frå fjorden, bestanden av krabbene minkar og krabbene blir deformerte. Det kan vere fleire årsaker, men det har auka på i same perioda som lakselus har auka som problem.

Statens legemiddelverk er dei som godkjenner legemiddel til bruk i oppdrett etter vurdering av effektivitet, giftigheit, miljøegenskapar, osv. Slik vi har forstått miljømåla for oppdrettsnæringa, skal legemiddelet «være optimalt effektive, ha god biotilgjengelighet for målarten og ikke ha uakseptable miljøeffekter».

Vi er djupt bekymra for korleis kjemikaliebruken i oppdrettsnæringa er handsama av offentlege myndigheiter. Det går ikkje an å løyse eit problem ved å skape fleire nye. Oppdrettsindustrien er avhengige av friske fjordar og i slike fjordar må det vere friske økosystem. Noverande medisinerer har for mange ukjente faktorar – vi kan ikkje bruke fjordane våre til eksperimentering. Vi har bevega oss langt over grensa for «akseptabel miljøeffekt».


Konklusjon

Vi krev stopp i bruken av medikament som hindrar skalskifte eller på annan måte påverkar ville artar når slike medikament kan sleppe ut av merdene. Viss dette fører til at lakselusnivået blir uakseptabelt, må fiskevolumet reduserast slik at ein får kontroll. Det er heilt uaktuelt å utsetje havet for eksperiment slik som no, der økologien kan kollapse.

Helsing

Ingbjörn Bredeli

Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal



forum for
natur og **f**riluftsliv
Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Kommunane i Møre og Romsdal
Statens Legemiddelverk
Klima og Miljødept.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6414 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Orgnr. 916451954 www.fnf-nett.no